

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 16.09.2020

Knut Inge Andersen (FNB) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Det vert arrangert to fylkesfestivalar i Ung Kultur Møtest (UKM) i Vestland i 2021, éin med deltakarar hovudsakeleg frå Hordaland, og éin for deltakarar hovudsakeleg frå Sogn og Fjordane.»

Avrøysting

Andersen sitt forslag fekk 9 røyster (FNB, Frp, MDG, Sp, Pp, V, R) og vart vedteke mot 6 røyster (A, H, SV).

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag punkt 1 fekk 6 røyster (A, H, SV) og fall. Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Det vert arrangert to fylkesfestivalar i Ung Kultur Møtest (UKM) i Vestland i 2021, éin med deltakarar hovudsakeleg frå Hordaland, og éin for deltakarar hovudsakeleg frå Sogn og Fjordane.
2. Fylkesfestivalane skal arrangerast der dei var planlagde i 2020, på Voss og i Måløy, dersom ikkje praktiske eller økonomiske omsyn taler mot det.